

2019

Reglement for Kvam kontrollutval



Innhald:

§ 1 Innleiing.....	2
§ 2 Val.....	2
§ 3 Føremål / oppgåver	3
§ 4 Rett til informasjon.....	3
§ 5 Rådmann	3
§ 6 Møteinnkalling / saksliste/ møtestruktur.....	4
6.1 Møteinnkalling/ sakliste/ møteprotokoll.....	4
6.2 Møtestruktur.....	4
§ 7 Opne møte	4
§ 8 Teieplikt.....	5
§ 9 Habilitet.....	5
§ 10 Fråsegn/ undersøking/ rapportering	5
10.1 Fråsegn	5
10.2 undersøking	5
10.3 Rapportering	5
§ 11 Sekretariat.....	5
§ 12 Budsjett	6
§ 13 Møte og talerett i heradsstyret	6
§ 14 Val av revisor.....	6

§ 1 Innleiing

1. Heradsstyret har det øvste ansvaret for å kontrollera kommunen si verksemd (jamfør kommunelova § 22-1, 1. ledd).
2. Heradsstyret vel eit kontrollutval som skal føra kontinuerleg kontroll på deira vegne (jamfør kommunelova § 23-1, 1. ledd).
3. Kontrollutvalet er berre ansvarleg overfor heradsstyret. Kontrollutvalet har difor tilvisingsrett i sine eigne saker, og sakene deira går som hovudregel rett til handsaming i heradsstyret.
4. Kontrollutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval fordi utvalet ikkje skal驱va politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøva politiske prioriteringar gjort av andre folkevalde organ.
5. Kontrollutvalet skal følgja lov og føresegner, og så langt det høver dei reglar og retningsliner for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsette i reglementet til Kvam heradsstyre §§ 2, 5, 6 og 7-21 (med unntak av interpellasjonar og §§ 19 og 20).

§ 2 Val

1. Kontrollutvalet skal ha 5 medlemer.
2. Kontrollutvalet skal veljast på konstituerande møte som første sak etter val av formannskap og ordførar /varaordførar.
3. Leiari for kontrollutvalet skal vera vald frå heradsstyret sine faste representantar. Utvalsleiaren skal som hovudregel komma frå opposisjonen (jamfør kommunelova § 23-1, 2. ledd).
4. Følgjande personar er utelukka frå val til kontrollutvalet (jamfør kommunelova § 23-1, 3. ledd):
 - a) Ordførar og varaordførar
 - b) Medlemmer og varamedlemmer av formannskap
 - c) Medlemmer av folkevald organ med avgjerslemyndigkeit (gjeld ikkje medlemmer og varamedlemmer til heradsstyret).
 - d) Medlemmer eller varamedlemmer til heradsstyrekomite
 - e) Tilsette i den aktuelle kommunen
 - f) Personar som har ei leiande stilling, eller er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i.
 - g) Personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.
5. Heradsstyret kan når som helst skifta ut kontrollutvalet (jamfør kommunelova § 23-1, 4. ledd). Ved utskifting av ein eller fleire medlemmar av utvalet skal alle medlemene veljast på nytt.

§ 3 Føremål / oppgåver

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at (jamfør kommunelova § 23-2, 1. ledd):

- a) forvaltninga av heradet sine verdiar er forsvarleg sikra ved god internkontroll, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.
- b) heradet sitt rekneskap vert revidert på ein forsvarleg måte
- c) det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga går føre seg i samsvar med gjeldande reglar og vedtak.
- d) det vert ført forvaltningsrevisjon av heradet si verksemd, og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.
- e) det vert ført kontroll med forvaltninga av heradet sine eigarinteresser i selskap m.m. (eigarskapskontroll).
- f) vedtak som heradsstyret gjer ved handsaminga av revisjonsrapportar, vert følgd opp.

Kontrollutvalet skal retta seg etter innstruks for kontrollutval (2019) i sitt arbeide.

§ 4 Rett til informasjon

1. Kontrollutvalet kan utan hinder av teieplikt, krevja å få alle opplysningar, utgreiingar eller dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt, for å gjennomføra oppgåvene det er pålagt.
2. Kontrollutvalet kan be rådmannen eller andre tilsette i heradet om å orientera om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i heradet vert kalla inn til møte, skal rådmannen orienterast om dette på førehånd.
3. Kontrollutvalet kan invitera eksterne personar for å opplysa eller orientera om ei sak.
4. Ansvaret for å gjennomføra vedtak ligg hos rådmannen, (jamfør kommunelova § 13-1, 4. ledd). Utvalet skal føra tilsyn med at vedtak vert sett i verk og etterlevd.

§ 5 Rådmann

1. Ansvaret for å gjennomføra vedtak ligg hos rådmannen, (jamfør kommunelova § 13-1, 4. ledd). Utvalet skal føra tilsyn med at vedtak vert sett i verk og etterlevd.
2. Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han/ ho finn dette naudsynt og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer.
3. Rådmannen skal ha rett til å uttala seg om sitt syn på dei forholda som går fram av forvaltningsrevisjonsrapporten Rådmannen sine kommentarar skal følgja rapporten (der eit kommunalt føretak er gjenstand for forvaltningsrapport, skal styret og dagleg leiari ha same moglegheit).

§ 6 Møteinkalling / sakliste/ møtestruktur

6.1 Møteinkalling/ sakliste/ møteprotokoll

- Innkalling og utforming av sakliste til møta skal skje i tråd med kommunelova § 11-3.
- Det skal først møteprotokoll i tråd med kommunelova § 11-4. Kopi av møteboka skal sendast til medlemene, varamedlemene, revisor, ordførar, rådmann, og heradsstyret til orientering. Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ henne.
- Ordførar har møte- og talerett jamfør kommunelova 6-1, 3. ledd og skal ha møteinkalling på lik line med dei andre representantane i kontrollutvalet.
- Oppdragsansvarleg revisor har møte- og talerett jamfør kommunelova § 24-3, og skal ha møteinkalling på lik line med dei andre representantane i kontrollutvalet. Revisor kan i tillegg be om å få utsegnene sine i møta protokollert.
- Rådmannen skal ha innkalling med sakliste til orientering, og møter når han/ ho vert kalla inn særskilt til møta.
- Møteinkalling og sakskart er offentlege, men saker som er unнатteke offentleg innsyn, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka ”ikkje offentleg”, vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å kunna ta stilling i saka.

6.2 Møtestruktur

- Utvalet sin leiari er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.
- Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemene er til stades under møtet.
- Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.
- Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemene set seg imot dette.
- Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet.

§ 7 Opne møte

- Møta skal som hovudregel haldast for opne dører (jamfør kommunelova 11-5).
- Dersom møtet må lukkast pga. lovbestemt teieplikt (jamfør kommunelova § 11-5, 2. ledd) eller omsynet til personvern eller offentlege interesser krev det (jamfør kommunelova § 11-5, 2. ledd), skal dette protokollerast og det skal koma tydeleg fram kva lovheimel som vert nytta for å lukka møtet. Dersom vedtaka også skal vera unnatteke offentleg innsyn, må det gjerast særskilt vedtak om dette.

§ 8 Teieplikt

For medlemene, varamedlemene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova.

§ 9 Habilitet

Føresegnene i forvaltningslova kap. II §§ 6-10 og koml. § 40 nr. 3 om habilitet gjeld også for kontrollutvalet. Når det vert spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemen vera med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han meld i frå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta kalla inn.

§ 10 Fråsegn/ undersøking/ rapportering

10.1 Fråsegn

Kontrollutvalet kan gje fråsegn i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn.

10.2 undersøking

Utvælet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av heradsstyret. Utvælet skal sjølv syta for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt. Det ligg føre plikt for rådmannen å rapportera eventuelle mistankar om mishald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportera dette vidare til kontrollutvalet.

10.3 Rapportering

Kontrollutvalet skal rapportere til heradsstyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette kan skje ved at uttale til årsrekneskapen vert send heradsstyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om selskapskontroll vert lagt fram for heradsstyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar. Rapportering kan også skje gjennom årsmeldinga frå kontrollutvalet.

§ 11 Sekretariat

- Heradsstyret skal syta for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvælet treng.
- Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd og at vedtaka i utvælet vert sett i verk.
- Den som utfører sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er berre underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinjene og påleggja som utvælet gjev.

§ 12 Budsjett

Kontrollutvalet skal ha eit eige budsjett som omfattar kontroll og tilsynsarbeidet i heradet. Kontrollutvalet skal lage forslag til budsjett som skal følgja formannskapet si innstilling til heradsstyret.

§ 13 Møte og talerett i heradsstyret

Leiaren i kontrollutvalet har møte- og talerett i heradsstyret når utvalet sine saker vert handsama. Er leiar hindra frå å møta, kan han/ ho peika ut nokon som skal møta i staden for seg.

§ 14 Val av revisor

- Val av revisor skal skje etter innstilling frå kontrollutvalet jamfør kommunelova § 24-1, 3. ledd.
- Kontrollutvalet skal også gje innstilling til deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller dersom heradet skal inngå avtale med ein annan revisor (jamfør kommunelova § 24-1, 3. ledd).